



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Fortunen AS v/Odd Sørhus

Torgallmenningen 7
5014 BERGEN

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Vår ref.

2012/1059 - 0 -
25596/2012

Telefon

Arkivkode:

244/52

Dato:

05.11.2012

Delegert sak

Rammeløyve på vilkår for oppføring av naust på GBnr 244/52-Eidsnes

Delegasjonssak:

Kommunen gjev rammeløyveløyve på vilkår for etablering av naust jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Vilkår for løyve er at naustet vert gjeve ein utforming som samsvarer med tradisjonelle naust og nærliggande naust, jf dispensasjonsvedtaket.

Dette inneberer at takvinkel skal vere mellom 30-45 grader, og dei omsøkte vindaugene på naustet vert ikkje godkjent.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Saka har vore handsama i Plan- og miljøutvalet 05.05.2010. Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Igangsetjingsløyve vert gjeve etter at fullstendig søknad etter pbl§ 21-2 femte ledd er sendt inn og kontrollomfang er definert.

Dette inneberer at reviderte teikningar må innsendast som viser endringane nemnt som vilkår for dette løyve.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Fortunen	S	SØK Ansvarleg søker
	S	PRO bygning eller konstruksjoner

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Søknaden

Det er søkt om etablering av naust i eit LNF-område. Det vart søkt om dispensasjon, og saka har vore handsama politisk den 05.05.2010.

Det søkjast no om rammeløyve for oppføring av naust i henhold til overnemnde politiske vedtak.



Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Plangrunnlag

Eigedommen vert omfatta av Kommuneplanen vedtatt 22.09.2011.

Tomta ligg i LNF-området og innafor 100-metersbeltet til sjø.

Plassering og høgdeplassering

Det ligg føre nabosamtykke for plassering nærmare enn 4 meter frå nabogrensa. Tiltaket vert godkjent som omsøkt, jf. pbl § 29-4 tredje ledd.

Tiltaket si plassering skal koordinatutrekna, før utsetting av hushjørner på tomta.

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdiggattest, jf pbl § 21-10.

Vatn- og avlaup

Vi syner til stikkleidningar som ligg over omsøkte tomt. Administrasjonen presiser at det er ein privat stikkleidning og dette er kun informativt frå vår side.

Oppsummering og konklusjon

Administrasjonen finn med dette å kunne godkjenne søknad om rammeløyve. Det må søkjast om igangsettingsløyve før noe arbeid kan setjast i gang.

Gebyr

Søknadspålegg til tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.2a3 Naust	1	7.100
C.5.2b1 Tilleggsgebyr	1	2.600
Totalt gebyr å betala	2	9.700

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fv. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Einar Urheim
fagleiar byggesak

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Kopi til:
Thomas Øvretveit og Janina Kjeilen Eidsnesvegen 137 5913 EIKANGERVÅG

